





Intensjonsavtale om kommunesamanslåing

Hornindal Kommune og Stryn kommune

Vedteke i Hornindal kommunestyre (11.02.2016)
og Stryn kommunestyre (11.02. 2016)

Innleiing

Hornindal og Stryn kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som gjer vedtak om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

1. Mål

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad
- Vere ein utviklingsaktør

Delmåla er å:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

2. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, herunder legeteneste, barnehagar og kulturtilbod der dei er no
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon

3. Nye oppgåver

Vi er samde om å sikre at den nye kommunen er i stand til å ta på seg nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen. Første prioritet har oppgåver som kan leggst inn i eksisterande organisasjon og som er tenlege for innbyggjarane. Det må følgje resursar med.

4. Kommunesenter

Vi er samde om at kommunesenteret blir lagt til Stryn

Vi er og samde om at kommunesenteret bør innehalde det strategiske avgjersområdet:

- Ordførar
- Rådmann
- Assisterande rådmann
- Kommunalsjefar/etatsjefar
- Økonomisjef og personalsjef
- Overordna plan- og utviklingsarbeid

Også for den andre kommunen som går inn i ein ny kommune skal målet vere at dei tidlegare kommunesentra skal stimulerast gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, og plassering av publikumsretta og andre tenester som det er naturleg ligg desentraliserte. Ein skal ha representasjon knytt til NAV og sosiale tenester i begge dei tidlegare kommunane. Vidare skal funksjonar som yter tenester innan landbruk, rekneskap, løn vere lokalisert i Hornindal. Begge kommunane skal ha lokal brannberedskap og ha avdeling for tekniske tenester.

Ved framtidig administrativ effektivisering vil vi søkje å balansere effekten.

Fellesnemnda (FN – jfr. inndelingslova § 26) har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk. Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon og vere beskrive i ein prosjektplan. Politikarar, administrasjon og tillitsvalde skal ha definerte roller i prosjektorganisasjonen. Intensjonane frå denne avtalen skal ligge til grunn for Fellesnemnda sitt arbeid.

(vedkomande dette punktet og punkt 5 – sjå punkt 13 og 14 i førebels rapport, sjå og eige innspel til drøftingsnotat av 09.09.15)

5. Prinsipp for styring og organisering

Politisk

Vi er samde om at den nye kommunen skal bygge på formannskapsmodellen etter KL. § 8 som styringsform.

Tal folkevalde

Kommunestyret skal ha 29 medlemmer.

Fellesnemnda tek avgjerd om korleis vi elles skal utforme den politiske organiseringa.

Administrativt og fagleg

Vi er samde om at:

- Det skal etablerast ein administrasjon med desentraliserte rådhusfunksjonar, servicetorg og samfunnskontakt. Servicetorga i dei tidlegare kommunehusa skal hjelpe innbyggjarane innan dei mest etterspurde tenestene og kunne utføre summarisk sakshandsaming.
- Det skal vere fleksibilitet uavhengig av organisatorisk plassering og tverfaglege einingar på administrativt nivå på tvers av profesjonsgrenser.
- Kompetanseoppbygginga skal systematiserast for alle ledd i organisasjonen.

6. Kommunenamn og kommunevåpen.

Den nye kommunen skal få nytt kommunevåpen.

7. Interkommunale selskap/samarbeid

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvike/melde oss ut av samarbeidet/ev inngå nye samarbeid.

Målet er at den nye kommunen ivaretek flest mogeleg av oppgåvene sjølv. Vi er difor alt no samde om å avvike, endre eller rydde samarbeid.

8. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld frå 01.07.2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) Orienterer kvarandre gjennom styringsgruppa om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
- b) Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei
- c) Ikkje selje verdier som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre.

9. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.07.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

10.Arbeidsgjevarpolitikk

Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skapar gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at den er etablert.

Det betyr at:

- Alle tilsette sine noverande rettar vert aksepterte i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk.
- Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtallige, vil den nye kommunen gje tilbod om annan passende arbeid.
- Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP.

Det partsamansette utvalet (PSU, jfr. Inndelingslova §26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement m.m.)
- Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette.
- Harmoniserer lønsskilnader over tid.
- Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til leiarar.


(vedk. dette punktet – sjå pkt. 16 i førebels rapport)

Stad/dato:

Hornindal 14.2016

Stig Olav Lødemel
ordfører

Stad/dato:

1/4-16

Sven Flo
ordfører



